







Skjåk kommune

PROTOKOLL KONTROLLUTVALET

Møtestad: Skjåk kommunehus	Møtedato: 14. mars 2019	Frå kl. 1000	Til kl. 1400
--------------------------------------	-----------------------------------	------------------------	------------------------

Møteleiar:	Knut Vindheim		
Møteinnkalling (kunngjering)	Møteinnkalling sendt 5. mars 2019		
Til stades:	I alt 4 medlemmar	Av desse 4 fast medlemmar	
Andre frammøtte	Ordførar Elias Sperstad Administrasjonen Skjåk kommune: Odd Gudbrand Aamodt Innlandet Revisjon IKS: Anne Hesthagen Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.		
Saker som vart handsama	Sak nr./år: 02/2019 og 11–16/2019		
Merknader til møtebok	Ingen		
Vi sannar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart bestemt på møtet.	 Knut Vindheim  Arild de Presno  Arnfrid Austin  Torø Elin Dagsgard		

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til

- ☐ Medlemmane av kontrollutvalet
- ☐ Varamedlemmane av kontrollutvalet
- ☐ Ordføraren og rådmannen
- ☐ Innlandet Revisjon IKS

Sakliste og protokoll frå siste møte:

Det var ingen kommentar til innkalling, sakliste eller protokoll frå siste møte.

Årsrekneskap og orienteringar vart handsama i starten av møtet.



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	23. januar 2019 14. mars 2019	Kontrollutvalget	02/2019

FORVALTNINGSREVISJON

Vedlegg:

Utskrift av §9A (psykososialt miljø) og kap. 5 (spesialundervisning) i opplæringslova

På bakgrunn av overordna analyse har kommunestyret vedteke plan for forvaltningsrevisjon med denne prioriteringa:

- 1- Økonomi – sentraladministrasjon
- 2- Skule og oppvekst
- 3- Næringsutvikling – forvaltning av næringsfond.

Den økonomiske rapporten (1) omhandlar sjølvkosthandsaming og vedlikehalds/investeringsplan. Denne er ferdigstilt og vart handsama i sak nr. 20/18 den 25. oktober 2018.

Området skule og oppvekst er etter dette prioritert emne. I sakshandsaminga og i overordna analyse kjem psykososialt miljø, «mobbing», fram som det største risikoområdet. Kontrollutvalet presiserte i møte 14. juni at dei ville prioritere problemstillingar andsynes trivsel i skulen.

Andre fokusområde er spesialundervisning og målstyring/rapportering.

Avvik innan skulemiljøet gjev store konsekvensar for den einskilde. Frå kommunalt hald kan det føre til erstatningsoppgjer ved manglande oppfylging. I 2017 kom nye lovheimlar på området. Desse gjev større rettigheter til elev/foreldre. Rektor er pålagt større aktivitetskrav med tiltak ved oppfylging av evt. saker. Det nye lovkravet har vore ei utfordring å fylle, slik at Fylkesmannen har fokus på problemstillinga.

Spesialundervisning gjev individuelle rettar med tilpassing av læring til den einskilde. Opplegget er ei samarbeid med den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT). Det er fokus på tidleg innsats. For den einskilde har tilhøvet store konsekvensar for utvikling og livskvalitet. Rammer for problemstillingar er om kommunen har utvikla rutinar som oppfyller lovkrava, både internt i skulen og andsynes PPT.

Målstyring kan vera gjennom tilstandsrapportering etter nasjonal målstyring/rapportering. Ei utfordring ved utforming av problemstillingar er avgrensing mot verdivurderingar. Verksemda i kontrollutvalet er avgrensa mot regelvurdering, dvs. lovverk og vedtak.

VURDERING

Etter vedtak kan kontrollutvalet vurdere prioriteringa av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Ettersom reglane om det psykososiale miljøet er såpass nye og det blir arbeidd mykje med tilhøvet frå sentralt hald, vil ikkje sekretær råd til at dette blir prioritert. Om KU fortsatt vil ha eit prosjekt på skule og oppvekst, vil sekretær i utgangspunktet foreslå at ein konsentrerer det om spesialundervisning. Fagområdet er regelstyrt, slik at det er lettare å finne hensiktsmessige problemstillingar og dermed revisjonskriteriar. Kontrollutvalet diskuterer i møtet rammene og kva spesifikke område dei vil prioritere i prosjektet, slik at sekretariatet kan formulere ei spesifikk bestilling.

Forslag til vedtak:

- 1) Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonsprosjekt i sektoren skule og oppvekst
- 2) Utvalsleiar og sekretær får fullmakt til å spesifisere konkrete problemstillingar
- 3) Utførande revisor er Innlandet Revisjon IKS

Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta saka. Dei ynskjer å vurdere andre tema, som spesialundervisning. Sentrale problemstillingar er om brukarane får tenestene dei har krav på og samhandlinga med PPT.

Vedtak:

- 1) Bestillinga av ny forvaltningsrevisjon vert utsett
- 2) Sekretær set opp forslag til tema og formulerer formål med grunnlag for bestilling av forprosjekt om spesialundervisning/PPT

VURDERING

Grunnskule og barnehage er eit kommunalt ansvar, der fagleg tilsynsmynde er Fylkesmannen. Innan barnehagen skal kommunen, om naudsynt, leggje til rette for spesialpedagogisk hjelp. I grunnskulen skal kommunen etter opplæringslova leggje til rette for spesialundervisning. Sekretær legg til grunn at kontrollutvalet avgrensar prosjektet til undervisning.

Elev som ikkje har tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning. I vurderinga av dette skal ein ta utgangspunkt i eleven, kva som er realistisk.

Ei sakkunnig vurdering av særskilt behov skal gje grunnlag for vedtak om spesialundervisning.

Under vurderinga skal eleven og foreldra involverast og opplysast om innhaldet.

Kommunen skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. (PPT). Skjåk er med i ei interkommunal ordning. Tenesta skal støtte kommunen i vurderings- og tilretteleggingsarbeidet med spesialundervisninga.

Eit sentralt formål med ein gjennomgang av tenesta, er om innbyggjarane får den tenesta lova krev. Gjennomgangen kartlegg om Skjåk kommune har system og prosedyrar i tråd med formelle krav, og kan gjere dei tiltaka som er naudsynte.

Kontrollutvalet må drøfte og evt. presisere formålet med gjennomgangen.

Forslag til vedtak:

- 1) Kontrollutvalet bestiller foranalyse/prosjektplan om spesialundervisning i Skjåk kommune
- 2) Utførande revisor er Innlandet Revisjon IKS

Handsaming 14. 3.19:

Kontrollutvalet vurderte omprioritering etter plan for forvaltningsrevisjon, og valde alternativet: Næringsutvikling – forvaltning av næringsfond.

Ein gjennomgang vil ha som formål/aktuelle problemstillingar:

Er bruken av næringsfondet i tråd med vedtektene?

Er det kontroll av utbetalingar og oppfølging av vedtak?

Kontrollutvalet etterspør om det er mogleg å måle effekt av bruken.

Vedtak:

- 1) Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon om næringsfondet i Skjåk kommune.
- 2) Utførande revisor er Innlandet Revisjon IKS



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
		Kontrollutvalget	11/19

Vedlegg:

Innlandet Revisjon – Engasjementsbrev

SKJÅK ENERGI KF – REVISORS ENGASJEMENTSBREV FOR 2018

I samband med oppdraget som revisor for Skjåk Energi KF, har Innlandet Revisjon IKS oversendt kopi av engasjementsbrevet. Brevet gjelder greie for revisors rolle og ansvarsområde. I korte trekk:

- Revisjonens formål og innhald
- Rapportering
- Øvrige tenester
- Økonomiske tilhøve

Kontrollutvalet skal i samband med årsrekneskapen gå gjennom prosessen og gi uttale.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek engasjementsbrevet til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek engasjementsbrevet til orientering.



ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	14. mars 2019	Kontrollutvalet	12/2019

Vedlegg:

Eigenvurdering dagleg revisor

**VURDERING AV UAVHENGIGHEIT FOR 2018 - DAGLEG LEIAR I INNLANDET
REVISJON IKS****Saksframstilling:**

Kontrollutvalet sine oppgåver med rekneskapsrevisjon er heimla i KommuneLoven § 77 nr. 4 og Kontrollutvalgsforskriften kapittel 4.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at rekneskapane blir reviderte på ein forsvarleg måte. Dette er knytt til fleire forhold:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, reglar og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følger eventuelle avtalar som revisor og kontrollutvalet har inngått

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktiviteter knytte til oppfølging av revisjonen. Dette kan mellom anna omfatte revisor si uavhengigerklæring.

Sekretæren har vurdert revisor si erklæring om uavhengigheit for 2018 og har ingen merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.



ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	14. mars 2019	Kontrollutvalet	13/2019

Vedlegg:

Eigenvurdering forvaltningsrevisorar

**VURDERING AV UAVHENGIGHEIT FOR 2018 - AKTUELLE
FORVALTNINGSREVISORAR I INNLANDET REVISJON IKS****Saksframstilling:**

Kontrollutvalet sine oppgåver med rekneskapsrevisjon er heimla i Kommuneloven § 77 nr. 4 og Kontrollutvalgsforskriften kapittel 4.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at rekneskapane blir reviderte på ein forsvarleg måte. Dette er knytt til fleire forhold:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, reglar og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følgjer eventuelle avtalar som revisor og kontrollutvalet har inngått

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktiviteter knytte til oppfølging av revisjonen. Dette kan mellom anna omfatte revisor si uavhengigerklæring.

Sekretæren har vurdert revisor si erklæring om uavhengigheit for 2018 og har ingen merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisorane si erklæring om uavhengigheit til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisorane si erklæring om uavhengigheit til orientering.



KONTROLLUTVALET I SKJÅK MØTEBOK

	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	14. mars 2019	Kontrollutvalet	14/2019

Vedlegg:

Kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Skjåk kommune
Årsrapport for 2018 frå Skatteoppkrevjaren i Ottadalen
Årsmelding frå Arbeidsgjevarkontrollen i Nord-Gudbrandsdalen

KONTROLLRAPPORT 2018 OM SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I SKJÅK KOMMUNE

Saksframstilling:

Skatteoppkrevjarfunksjonen er eit samarbeid mellom dei fire Ottadalskommunane. Funksjonen er lagt til Vågå kommune og er regulert etter kommunelova § 28-1b som eit administrativt vertskommunesamarbeid, der administrasjonssjefane (eller den dei delegerer) utgjer eit samarbeidsutval.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen vert utøvd tilfredsstillande etter gjeldande regelverk på områda:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avleggjing av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnskrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjonen av skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunane medan Skatteetaten utfører kontrollen.

Kontrollrapporten konkluderer med at skatteoppkrevjaren i det alt vesentlege har internkontroll i samband med gjeldande regelverk. Etter gjennomført kontroll har skattekontoret gjeve pålegg om oppfylging av rutinar på desse områda :

- Manuelt endra bankkonti
- Betalingsavtaler

Skatteoppkrevjar har innretta seg etter pålegga.

Arbeidsgjevarkontrollen utgjer 5 % av arbeidsgjevarane i Skjåk kommune. Kravet frå Skattedirektoratet er 5 %. Arbeidsgjevarkontrollen er organisert under Skatteoppkrevjaren i Ottadalen. Verksemda dekkjer heile Nord-Gudbrandsdalen, der kontrollgraden i snitt er 5 %.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen i Skjåk kommune for 2018 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen i Skjåk kommune for 2018 til orientering.



	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	14. mars 2019	Kontrollutvalet	15/2019

Vedlegg:

- Revisjonsmelding for kommunerekneskapen 2018 dagsett 1. mars 2019
- Kundebrev 1/2019 avslutning og behandling av årsregnskapet 2018
- Rekneskapen m/vedlegg og årsmelding 2018. (Eigen ekspedisjon frå Skjåk kommune.)
- Saksframlegg om disponering av overskot 2018

SKJÅK KOMMUNES ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2018**Saksframlegg:**

§ 7 i kontrollutvalsforskrifta fastset følgjande:

"Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget."

Kommunerevisor har gått gjennom rekneskapen i samsvar med gjeldande reglar. Revisor meiner at den er i samsvar med lov, forskrift og kommunal rekneskapsskikk. Rekneskapen gjev i det vesentlege ei dekkjande framstilling av den finansielle stillinga til Skjåk kommune.

Etter gjennomgang av motteke materiale har sekretæren for kontrollutvalet ingen merknad til revisor sin konklusjon. Idet sekretæren syner til revisjonsmeldinga dagsett 1. mars 2019 vil ein rå kontrollutvalet til å gje slik

uttale:

Til kommunestyret i Skjåk kommune.

Uttale om årsrekneskapen til Skjåk kommune 2018 frå Skjåk kontrollutval

Kontrollutvalet har i møte den 4. april 2018 i sak 08/2018 handsama årsrekneskapen til Skjåk kommune for 2017.

Grunnlaget for handsaminga er den framlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og årsmeldinga til rådmannen. I tillegg har revisor og rådmannen gjeve kontrollutvalet munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Kontrollutvalet har merka seg at Skjåk kommune sin årsrekneskap for 2018 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 3 119 572 (2017: 2 359 642).

Netto driftsresultat er kr. 3 276 833 (2017 - 2 976 516). Med korrigerings premieavvik utgjør dette kr. 2 023 599 eller 0,9 % av driftsinntektene, mot 1,2 i 2017. Kommunestyret har vedteke ein handlingsregel som set 1,0 %.

Brutto lånegjeld utgjør kr. 266 078 871. Dette er 112,3 % av brutto driftsinntekter. Kommunestyret har vedteke ein handlingsregel på 113,5 %.

Frie disponerte midlar utgjør kr. 17 439 000, som er 7,36 % av brutto driftsinntekter. Handlingsregelen er vedteke til 8,33 %.

Kontrollutvalet merkar seg at dei økonomiske måltala stort sett er i samsvar med fastsette mål.

Årets rekneskapsmessige overskot på kr. 3 276 833 foreslår rådmannen disponert slik:

Formannskapet tilrår at kommunestyret disponerer overskotet i 2018 på 3.119.572,09 kroner slik;

1. 1.800.000 kroner blir avsett til ubunde investeringsfond, konto 2530101.
2. 220.772,09 kroner blir avsett til disposisjonsfond, konto 2561101.
3. 700.000 kroner blir avsett til likviditetsreserve, konto 2539999.
4. 398.800 kroner blir avsett til pensjon reserve, konto 2561280.

Kontrollutvalet har ikkje innvendingar mot forslaget.

Ut over det som er nemnt ovanfor, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaken og revisjonsmeldinga, har kontrollutvalet ikkje merknader til Skjåk kommune sin årsrekneskap for 2018. Den samla informasjonen syner ei god økonomisk styring.

Handsaming:

Økonomisjef Odd Gudbrand Aamodt orienterte om rekneskap og årsmelding, samt økonomisk utvikling.

Revisor Anne Hesthagen orienterte om revisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet gikk gjennom forslaget til uttale. Kontrollutvalet drøfta bruken av næringsfondet, og valde å kommentere dette.

Uttale frå kontrollutvalet:

Til kommunestyret i Skjåk kommune.

Uttale om årsrekneskapen til Skjåk kommune 2018 frå Skjåk kontrollutval

Kontrollutvalet har i møte den 14. mars 2019 i sak 15/2019 handsama årsrekneskapen til Skjåk kommune for 2018.

Grunnlaget for handsaminga er den framlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og årsmeldinga til rådmannen. I tillegg har revisor og rådmannen gjeve kontrollutvalet munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Kontrollutvalet har merka seg at Skjåk kommune sin årsrekneskap for 2018 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 3 119 572 (2017: 2 359 642).

Netto driftsresultat er kr. 3 276 833 (2017 - 2 976 516). Med korrigering for premieavvik utgjør dette kr. 2 023 599 eller 0,9 % av driftsinntektene, mot 1,2 i 2017. Kommunestyret har vedteke ein handlingsregel som set 1,0 %.

Brutto lånegjeld utgjør kr. 266 078 871. Dette er 112,3 % av brutto driftsinntekter. Kommunestyret har vedteke ein handlingsregel på 113,5 %.

Frie disponerte midlar utgjør kr. 17 439 000, som er 7,36 % av brutto driftsinntekter. Handlingsregelen er vedteke til 8,33 %.

Kontrollutvalet merkar seg at dei økonomiske måltala stort sett er i samsvar med fastsette mål.

Formannskapet tilrår at kommunestyret disponerer overskotet i 2018 på 3.119.572,09 kroner slik;

1. 1.800.000 kroner blir avsett til ubunde investeringsfond, konto 2530101.
2. 220.772,09 kroner blir avsett til disposisjonsfond, konto 2561101.
3. 700.000 kroner blir avsett til likviditetsreserve, konto 2539999.
4. 398.800 kroner blir avsett til pensjon reserve, konto 2561280.

Kontrollutvalet har ikkje innvendingar mot forslaget.

Ut over det som er nemnt ovanfor, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaken og revisjonsmeldinga, har kontrollutvalet ikkje merknader til Skjåk

kommune sin årsrekneskap for 2018. Den samla informasjonen syner ei god økonomisk styring.

Kontrollutvalet ber kommunestyret kritisk vurdere bruken av næringsfondet til løn og kommunal drift, noko som er i strid med vedtektene til fondet. (Fondet skal ikkje nyttast til vanleg drift av bedrifter og kommune – jfr. § 2)



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
Morten Sørhage	14. mars 2019	Kontrollutvalget	16/2019

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN

På vegne av kontrollutvalsleiar sende sekretær denne mailen 22. februar 2019:

For orientering i kontrollutvalet 14. mars 2019:

Kontrollutvalet ber om ein oversikt over utbetalingar og kostnader etter flomskadane hausten 2018. Ein ser for seg tilsvarende orientering som den som er gjeven til kommunestyret 21. februar 2019.

Økonomisjef oversende tallmateriale til kontrollutvalsmedlemmane same dag.
Administrasjonen vil orientere om saka i møtet.

Handsaming:

Ordførar Elias Sperstad orienterte etter innkallinga, om arbeidet med og omfanget av flomskadane.